



Tre tenorar i Skånevik: Helge Ludviksen flankert av Oscar Langballe og Lars Henrik Skogtun

Helge Ludviksen, rektor ogkordirigent på Øytun folkehøgskule i Alta, øver med Røyserett for alle i Uskedalen. Det same gjer Jarle Fossheim frå Seimsfoss. Dei har ulik reiserute, men målet er det same:

Tenorane Helge og Jarle skal begge vera med koret til Gardasjøen i Nord Italia i juni måned.

Helge Ludviksen er frå Bergen, har musikkutdanning og har budd i Alta i over 30 år. Helge er idretts- og friluftsmenneske, likar jakt og fiske og brukar mykje av fritida si i Altaelva. Mest av alt er han musikal, Han syng, er blåsar (kornett) og dirigerer kor og korps.

Maria Malmsten, musikalsk leiar i Røyserett for alle, hadde nyleg eit koroppdrag i Alta. Der kasta ho fram tanken om å få Ludviksen med som ei solid støtte på tenorstemma. Helge svarta straks ja og møtte på korseminaret i Skånevik i helga.

Han må møta fram på nokre øvingar før avreise og reiseruta er like lang kvar gong.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Kjell Magne Haugland